



Vilkår for deltaking på babysymjing

Praktisk informasjon

Tidspunkt

Vi brukar Spond for påmelding, fakturering og kommunikasjon. Her kan ein ha dialog med instruktør via melding. Vi følgjer skulekalenderen, og det er ikkje babysymjing i skuleferiane. I Spond gruppa blir det oppretta arrangement der ein får påminning om tidspunkt. Det er viktig at alle er aktive og trykker **Delta** eller **ikkje Delta** på treningane. Då er det lettare for våre instruktørar å planlegge.

Babysymjing foregår i opplæringsbassenget, det er 90 cm på det grunnaste og 1.6m på det djupaste og vil holde mellom 32 og 34 grader.

Volda Symjeklubb har eigne armband for å kome seg inn i symjehallen og som kan nyttast for å låse skap i garderobane. Deltakarar på kurs må kjøpe desse. Dei kostar 150kr. Ein treng berre eit armband per familie, ønske ein fleire kan ein kjøpe det. Betaling for armband gjer ein gjennom **vipps** ved utdeling av band i opningstidene til Voldabadet.

<https://www.volda.kommune.no/voldabadet/opningstider/> . HUSK Å HENT BAND FØR

OPPSTART SVØMMEKURS 😊

Voldabadet ønsker at barnevogner blir parkerte ute i resepsjonen og ikkje i «skogangen»

Kva treng kursdeltakar

- Badebleie
- Badebukse/badedrakt
- Handkle: Eit stort handkle for å halde barnet varmt etter bading, evt badekåpe.
- Noko barnet kan ligge på for stell i garderobe. Tips: Mange nyttar ikea posar med handle eller stellematte i botn under.

Reglar for hygiene og tryggleik

Volda Symjeklubb har fått beskjed med Voldabadet om at vi skal benytte oss av garderobe 1 dame og garderobe 1 herre. Det er i tillegg familie-/HC/-kjønnsnøytral garderobe tilgjengeleg, men her kan ein oppleve å måtte vente dersom det er kø.

- Alle må setje skoa frå seg i gangen før ein går inn i garderobene.
- Det er ikkje tillatt med mat i badeanlegget, men drikkeflaske går bra. Det er og vassfontene i hallen ein kan nytte.
- Møt ferdig skifta til symjeopplæringa byrjar. Dersom kurset som går før ikkje er ferdig, ventar ein utanfor bassenget.





VTI-SYMJING

- Hugs alltid toalettbesøk før ein skal på kurs. For vaksne: Grundig såpevask av hår, under armar, skrittet før ein går inn i symjehallen. Dette praktiserast strengt frå start for å unngå unødig klorbruk.
- Baby treng ikkje dusje før ein går i basseng (for å unngå nedkjøling), men skal vere rein.
- Det skal alltid vere ein vaksen i bassenget saman med barnet.

Forberedelsar heime

Det er ein fordel at barnet ikkje er trøtt eller svolten når dei skal på babysymjing. Vi anbefala at ein barna får mat ca ein time før dei skal i bassenget.

Ein kan med fordel øve heime med å la barnet bli fortoleg med vann. Ein kan for eksempel la litt vann renne over ansiktet til barnet under vask heime.

Føresette

Eit barn kan ha med seg maks to vaksne på kurs. Dette betyr at begge foreldra er velkomne til å delta aktivt i bassenget saman med barnet. Dersom foreldra ikkje har anledning til å vere med, kan andre nære slektningar, som besteforeldre, tanter, onklar, eller ein ven steppe inn i deira stad. Det viktigaste er at barnet har tryggleikspersonar til stades i vatnet.

Foreldra eller dei vaksne som er med barnet, har ansvaret for barnet under heile kurset. Kurshaldaren si rolle er å veilede og instruere i ulike leikar og øvelsar.

Flisene i symjehallen kan vere glatte. Om ein har bilstol til barnet kan den vere med heile vegen til bassenget for barnet sin tryggleik.

Er det barn med særskilte behov eller diagnosar, bed vi om at dette vert meldt oss så tidleg som råd før kursstart på mail.

Om barnet er sjuk

Barn som har diare, smittsamme barnesjukdommar, augekatarr eller lignande skal ikkje symje. Ved øyrebetannelse følg legens råd, det er alltid legens råd som er styrande ved sjukdom.

Pass også på at barnet ikkje har opne sår når dei går i bassenget.

Medlemskap i klubben

For å delta på symjeopplæring i regi av Volda Symjeklubb, må ein vere medlem av klubben. Medlemskap kostar 100kr. Meld inn både deg sjølv og barnet som medlem, evt andre som skal delta under kurset.

Link til nettside for registrering: <https://www.minidrett.no/medlemskap/1024131>

Betaling

Kursprisen for babysymjing er 1520,-.



VTI-SYMJING

Refusjon

Det blir normalt ikkje gitt refusjon for fråvær eller enkelttimar. Prisen er fast og uavhengig av deltaking.

Avlysing eller uforutsette hendingar

Ein time kan bli avlyst av ulike grunnar. Informasjon om dette blir sendt i Spond gruppa. Det er derfor viktig at å laste ned appen. Ved avlysing av enkeltøkter vil det normalt ikkje bli gitt refusjon, men vi vil så langt det let seg gjere prøve å tilby erstatningstime.

Ved lengre avbrot i tilbodet vil vi vurdere tilpassingar.

Fotografering

Det er strengt forbode å ta bilete eller filme i garderebane for å ivareta personvernet og tryggleiken til deltakarane.

Det blir lagt opp til å kunne ta bilete av seg sjølv og sine egne barn med jamne mellomrom. Det er ikkje lov å ta bilete av andre enn sine barn utan spesifikt samtykke.





VTI-SYMJING

Dette blir kjekt!

Vi håpar alle barn og føresette får ei hyggeleg, utviklande og morosam oppleving med babysymjing. Målet vårt er at alle skal kjenne meistring, tryggleik og glede i vatnet.

Følg oss på Facebook: [Volda Symjeklubb](#) eller besøk heimesida vår voldasymjeklubb.no for meir informasjon.

Dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon, er du alltid velkomen til å kontakte oss på e-post: daglegleiar@vti-symjing.no



Sparebanken
Møre